HELSE VEST

Helsedirektoratet
Postboks 220 Skøyen
0213 OSLO

Att. Hege Wang

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Saksbehandlar:	Dato:
25/14174	2026/403 - 5159/2026	Gjertrud Jacobsen	20.05.2026

Høyringssvar frå Helse Vest om utgreiing av aldersgrupper i Mammografiprogrammet

Helse Vest RHF takkar for invitasjon til å gi høyringsuttale på høyring om utredning av aldersgrupper i Mammografiprogrammet.

Under følgjer innspel frå Helse Vest RHF til dei fire punkta det blei bedt om særskilt innspel på:

1. Er prioriteringskriteria tilstrekkeleg belyst og vurdert?
Helse Vest RHF vurderer at prioriteringskriteria nytte, alvor og ressursbruk er grundig og systematisk belyste i høyringsnotat, inkludert gjennom helseøkonomiske analysar. Samla sett gir dette eit godt kunnskapsgrunnlag for vidare vurderingar.

2. Er utfordringar knytte til mangel på helsepersonell tilstrekkeleg belyst og vurdert?
Mangelen på helsepersonell er omtala i notatet, særleg innan radiologi. Etter Helse Vest si vurdering viser utgreiinga tydeleg at ei utviding av aldersgrupper vil krevje meir personell og kapasitet, noko som er krevjande i dagens situasjon.

3. Anbefalingane om å ikkje utvide aldersgruppene ned til 45 år og/eller opp til 74 år
Helse Vest RHF støttar Helsedirektoratet si anbefaling om å ikkje utvide Mammografiprogrammet til å omfatte aldersgruppene 45–49 år eller 70–74 år. Vurderingane av nytte, ressursbruk og usikkerheit talar etter vår vurdering mot ei slik utviding.

4. Mogleg anbefaling om å inkludere aldersgruppa 48 og 49 år
Helse Vest RHF kan ikkje støtta ei avgrensa utviding til aldersgruppa 48 og 49 år. Sjølv om analysane indikerer noko auka nytte samanlikna med større utvidingar, vurderer Helse Vest RHF at nytte-effekten er for liten i forhold til den auka kostnaden og den

Postadresse:
Helse Vest RHF
Postboks 303 Forus
4066 Stavanger

Elektronisk adresse:
post@helse-vest.no
www.helse-vest.no

Besøksadresse:

Generell informasjon:
Sentralbord 51963800
Org.nr: 983658725

auka ressursbruken og personellbehovet som endringa ville medføre (og som er godt beskrive i notatet).

Vennleg helsing

Bjørn Egil Vikse
fagdirektør

Gjertrud Jacobsen
fagleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent av:Bjørn Egil Vikse fagdirektør

Digital kommunikasjon
Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemder: eDialog
- Offentlege verksemder: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)